
982939135

KJERSTI ISDAL

Mobilnummer
971 29 193

E-postadresse
kisdal@hotmail.com

Kontonummer **** ** 16336

Vedtaksdato
18.11.2021

Vedtaket er gjort av
Alver kommune

Søknadsdato
01.09.2021

Vår referanse
2021/7616, Agros 162828

Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Utskifting av gjerde og beiterydding

Samandrag: Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 31 530 kroner i tilskot til KJERSTI ISDAL til Utskifting av gjerde og beiterydding. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 30.11.2024.

Alver kommune viser til søknad av 01.09.2021.

Bakgrunn i saka

KJERSTI ISDAL sökte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 01.09.2021. Du sökjer om totalt 34 030 kroner i tilskot for tiltak perioden 02.09.2021-02.09.2024. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 68 060 kroner.

Det er sökt om tilskott til oppsetting av nytt gjerde på GBNR 185/5. Arealet er del av eit heilskapleg kulturlandskap kring det gamle klyngetunet på Isdal. Sökar fekk leigeavtale på arealet våren 2021 og ønsker no å sette det i stand til bruk som innmarksbeite for sau. Arealet har ikkje vore stelt eller beita skikkelig på fleire år. Eksisterande gjerde treng utskifting. Det er og sökt om tilskott til grinder. Beitet ligg i eit populært turområde nær kommunesenter.

Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også ges til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedomen som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedomen tiltaket skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Søknaden er vurdert etter prinsippa i naturmangfaldlova §§8-12, jf. §7. Administrasjonen har gjennomgått artskart og naturbase, og etter ei samla vurdering komme fram til at det omsøkte tiltaket ikkje er i strid med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova.

Kommunen meiner at tiltaket er i tråd med SMIL-ordninga sitt formål jf. Forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket §1. Inngjerding av innmarksbeite er prioritert i gjeldande SMIL-strategi for Alver kommune. Tiltaket bidreg til å ta vare på og utvikla jordbruksoppdraget sitt kulturlandskap. Det omsøkte arealet har behov for restaurering. Inngjerding og bruk som beite er ein føresetnad for at arealet skal skjøttast og ikkje misse bruksverdien sin. Kommunen meiner at det er særstakt viktig at kulturlandskapet vert halde i hevd i dette området av hensyn til kulturmiljøet i Isdal. Eit velstelt kulturlandskap vil og auke opplevingsverdien for folk som ferdast i området. Det vert vektlagt at Isdal både er eit viktig utfartsområde og svært synlig frå fv57.

Vedtak

Alver kommune har vedtatt å løyve inntil kr 27 280 til oppsetting av gjerde rundt beiteareal på GBNR 185/5. Det vert og løyvd inntil kr 4250 til grinder.

Kommunen nyttar standard sats for kostnad til gjerding på 80 kr per løpmeter. Standard sats for kostnad til grind er kr 1500 for enkel køyregrind og kr 2000 for kombigrind.

Godkjent kostnadsoverslag:

Tiltak	Kostnad
Gjerding 682 meter * 80 kr/ meter	54 560 kr
Kombigrind 2 stk * 2000 kr/ stk	4 000 kr
Enkel køyregrind 3 stk * 1500 kr/ stk	4 500 kr
SUM Kostnad	63 060 kr
Tilskot (50% av kostnad)	31 530 kr

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 31 530 kroner i tilskot.

Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 30.11.2024. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slike løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

- Frist for gjennomføringa av tiltaket er sett til inntil tre år frå tildeling.
- Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngjeving, seinast ein månad før oppsett frist går ut.
- Gjerde skal vera permanent med gjerdeton, toppstreng og bentsletråd.
- Området skal nyttast til beite i minimum 10 år frå løyving.
- Løyvd tilskot kan trekkest attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskriften om spesielle miljøtiltak i jordbruksoppdraget.

Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

Sluttrapport skal innehalda rapporteringsskjema, timeliste, bilag på innkjøpt materiell og foto av utført tiltak.

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan få utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar undervegs i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtjør framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringsstiltak skal fyllast ut og leggast ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 63 060 kroner. Utbalt tilskot kan ikke overstige 50 % av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

Kontroll

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klag til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikke gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan også få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing
for Alver kommune

Saksbehandla av: Marie Victoria Rekdal Skogrand

Godkjend av: Laila Bjørge